


Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

01.06.2016

SAK 2011/2542  
Gnr./bnr. 229/6 Bjørsvik - flytebrygge  
- Dispensasjonssøknad

Akvator AS vil på vegne av Lerøy Vest AS søkja om ny plassering av flytebrygge i Bjørsvik. Tidlegare vedtak gav løyve til ei flytebrygge sør for utfyllingsområdet. No søkjer ein om å få plassert flytebrygga omtrent midt på langsida av nybygget, sjå vedlagt situasjonsplan. Det er her konstruksjon for uttak av fisk er etablert.

Tiltaket kjem innanfor gjeldande reguleringsplan for «del av gnr. 231, bnr. 6 og del av gnr. 229, bnr. 9 i Bjørsvik», og området er regulert til «offentleg trafikkområde i sjø». Det er ikkje gitt opningar for flytebrygge i dette området, så ein søkjer difor om dispensasjon.



Figur: Reguleringsplankart for «del av gnr. 231, bnr. 6 og del av gnr. 229, bnr. 9 i Bjørsvik».

Plan- og bygningslova seier at det berre kan gis dispensasjon dersom omsyna bak vedtektene det vert dispensert frå, eller omsyna i lovas føremål, ikkje vert vesentleg sett til side. I tillegg må føremonene vere klart større enn ulempene (jf. Pbl. § 19-2).

Lerøy Vest sitt anlegg i Bjørsvik er avhengig av leveranse sjøvegen med brønnbåtar. Reguleringsplanen i området opnar for ny kai sør på området, men denne er ikkje bygd. Ein er avhengig av at brønnbåtar må forankrast til ein stabil konstruksjon ved overføring/uttak av fisk frå anlegget til båten. Omsøkt plassering av ny flytebrygge er lokalisert der konstruksjon/rør for uttak

av fisk er etablert og flytebrygga har ei utforming slik at den gir optimal støtte til større brønnbåtar.

Flytebrygga er plassert så tett på utfyllinga som mogleg, samtidig som at ein har god nok djupne for manøvrering av større båtar. Sjølv om området er regulert til offentleg trafikkområde vil sjøområdet nærmast utfyllinga vera lite egna til allmenn båttrafikk pga. fyllingsutslag og grunt farvatn. Sjå også reguleringsplankart ovanfor.

Lerøy Vest har hatt ei *testbrygge* liggjande i området for å finne beste plassering både med omsyn til leveranse og for allmenn ferdsel på sjø. Lerøy Vest opplyser om at det har ikkje vore konflikt med denne lokaliseringa i høve til allmenn ferdsel på sjø. *Testbrygga* er no fjerna.

Planen regulerer eit avgrensa område i sjø, om lag 18 -20 meter ut frå næringsområdet. Det vil framleis vera, etter vår meining, god passasje inn i vika utanfor reguleringsplan.

Lerøy Vest er avhengig av ei flytebrygge for leveranse av fisk og omsøkt plassering er optimal i høve til dette. Lokaliseringa meiner me i svært liten grad vil vera til hinder for andre båtar/båttrafikk i området. Omsyna bak reguleringsplanen sitt føremål «offentleg trafikkområde», meiner me ikkje er vesentleg sett til side ved ein dispensasjon.

På bakgrunn av dette ber med om dispensasjon frå føremålet til etablering av tiltaket.

Akvator AS  
Nina Skjerping

Akvator AS  
Kunnskapshuset  
Sæ 132  
N-5417 Stord  
Norway

---

Tel.: +47 53 40 41 80  
[post@akvator.no](mailto:post@akvator.no)  
[www.akvator.no](http://www.akvator.no)

---

Foretaksregisteret  
NO 883 532 872 MVA